



Vestland fylkeskommune Infrastruktur og Veg
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/250 - 21/32236

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
11.05.2021

Vedtak i delingssak til klagevurdering - gbnr 106/12,17 Fanebust

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 106/12,17
Tiltakshavar: Marius Rødland

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 4250m² frå gbnr 106/12 til 106/17. Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Saka har vore sendt til uttale til Vestland fylkeskommune.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjonen den 06.05.21 der følgjande vedtak vart fatta:

Administrativt vedtak: Saknr: 546/21

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av om lag 4250m² frå gbnr 106/12 til gbnr 106/17.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer.

Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

situasjonskart
Løyve til arealoverføring - gbnr 106/12 Fanebust

Kopi til:

Marius Rødland	Steinsvikvegen 16	5955	LINDÅS
Vigleik Vabø	Fonnebostvegen 293	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune Infrastruktur og Veg	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
---	-------------	------	-----------